



Det kongelige kultur- og kyrkjedepartement
Postboks 8030
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

07/34-3/07/1404/LTA

Dato:

Manger: 23.03.2007

BIBLIOTEKREFORM 2014 - HØYRING

Vi viser til dykkar høyringsbrev, dagsett 05.01.2007.

Radøy kommunestyre handsama saka i møte 22. mars 2007, sak 15/07, og gjorde slikt samrøystes vedtak:

”Radøy kommune ser positivt på at det er gjort eit utgreiingsarbeid om bibliotek i Noreg og sluttar seg til følgjande hovudmål for biblioteksektoren slik dei framstår under målområde 1 og 3:

- utvikle og tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester
- fremme biblioteka som ressurs for læring og kultur- og litteraturformidling
- styrke og fornye kompetansen i biblioteksektoren
- plassere bibliotekforskning innafor kulturforskning og andre relevante forskingsprogram.

Radøy kommune kan imidlertid ikkje slutta seg til tankane i målområde 2 om at konsolidering av fleire bibliotek vert halde fram som einaste løysing når interkommunalt samarbeid vert omtala. Her må prinsippet om kommunalt sjølvstyre liggja til grunn for alt samarbeid, og vi viser her til samarbeidsmodellen i Nordhordland. Vi går difor imot at tiltak som det er lagt opp til, skal favorisera bibliotek som vert konsoliderte. Det er her viktig at investeringsprogrammet for biblioteklokale kan koma alle til gode, slik at også lokalsamfunn som treng vitaliseringa som eit attraktivt bibliotek vil kunna vera, også kan få tildelt investeringsmidlar.

Vi har ikkje særlege merknader til tankane om endringar i biblioteklova og opplæringslova, landsdekkjande transportordning, profilering av Noregsbiblioteket og kvalitetsheving av verksemda i biblioteka.

Når det gjeld kompetanseutviklingsprogrammet, vil vi understreka at alle bibliotek må få koma med i dette programmet. Det er viktig at vi får eit opplegg som også gjer det mogleg for folk som ikkje bur i sentrale strok å kunna delta.”

Særutskrift av møteboka følgjer vedlagt.

Med helsing

Leif Taule
ass. rådmann